Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Joletre og Jolehalm

Oppskr. av: A. Skåsheim

(adresse): Bergen.

Fylke: Sogn og Fjordane

Herad: Balestrand

Bygdelag: Strondi

Gard: Skåsheim

G.nr. 5 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det meste er eigne upplevingar. – Noko er fortalt etter bestefar.

1. Nei, det kom inn ikkje segja – men denne skikken hev teke nümarleg til

2. På Skåsheim vart jaletre nytta fyrste gong 1890. Det var smått um gåvor med jaletreet. Det største fyremål var at jaletreet skulde tena til å setja eit varande minne hjå borni um det at Jesus var fødd. Far fortalde soga um Jesu fødsel. Det var mor som vilde han skulde gjera det. Den gröne grani skulde halde uppe ei levande von i barnehugen um å få koma til Jesus.

3. Store jaletrefestar tok dei fyrst til med kring 1914 – i bedehus, skulehus – og seinare ungdoms- skulen.

4. Fyrr dei tok til med jaletreet hadde dei friske sprakje (eine) – fint hakka – på golvet.

4277

Annan prydnad var ikkje nytta.
5- Som nr. 4.
6. Det fyrste jaletreet var ei liti gran - ùmlag *) 1 meter høgt. *) Ein.
7. Det er pynta med ljos - og ymse småe prydnadsting - ofte laga av papir i ymse liter (fargar) og stundùm småe brød, "speklasier", store søte kjeks - og "jalemenner", fine brød, som var måla med sukkermåling. - Jaletreljos er vanlege no.
8. Born frå 10-15 år pyntar jaletreet - mest gjentungar - med rettleiding av mor.
9. Det fyrste jaletreet stod på langbordet - ved høgsetet. No stend det i ei krå um dagen. Når dei syng ùm det - eller leikar kring det stend det fritt - ùmlag midt på golvet.
10 Dei kveikte ljosi jalafta - so tidleg på kvelden at alle borni fekk vera med. Billet for det kunde elles skifta - etter som borni vaks fram.
Dei kveikte og ljosi sundagskvelden millom jol og nyår - i nyårsafta og trettandeafta (trekongersafta) - (afta - ei)
11. Dei gjeng kring jaletreet og syng. No er det songhefte med jalesongar. I 1890 åri song dei mest: „Et lidet barn i Betlehem", og „Jeg er så glad

4277

hav jølekveld."

12. Jolebreet vert hausta i tjugande helgi – kring 13. januar. Då er det til vanleg ingen pryd med det lenger. "Jolebreet mysser nåoledna."

13. Dei seggjer hauska jølebreet. Det er jammast ein stor fest for borni – serleg um det hekk fine jøl- epli på treet. Desse jøleepli hev freista barneaugo mang ein gong. Men dei fekk aldri løyve til å taka epli – so lenge jølebreet skulde vera pynta.

14. Gran er mest nytta. Edelgran er det grummaste. Sembrafura er og fint. Vanleg fura vert nytta på furegardar – der dei ikkje hev gran. Hev dei korkje gran eller fura nyttar dei sprakjeeine – som veks alle stader –

15. Ståltråd-jøletre er ukjennt. Det er for mykje skog i Balestrand til det.

16. Dei sette ikkje upp eit tre jølekvelden. Men dei reiste ei stor stong framfor huset. Der batt dei jølebundelen fast. "Jalenek" er eit ord dei ikkje brukte.

a (1) Bestefar i Gjerde f. 1832 kunde minnast at dei hadde jølehalm i Indre Ese.

b. (2) Dei har halmen inn i fang – og breidde han ut over

4277

galvet.

c (3) Dei lagde halmen i eit tjukkt lag attmed den eine langveggjen.

d. (4) Jolafta hadde dei alle for gålerheidet (eit). Difor skulde lemar ane ikkje liggja i fjoson den natti. Alle på garden skulde vera i stova.

Joledag tok dei jålehalmen burt. Det var tru med det lei fann på galvet eller jåle-halmen.

Dei såg sers vel etter um det låg att korn på golvet — og kva slags korn det var. Var det bygg skulde dei så mest bygg det *) året. Var det havre skulde utsånaden vera mest havre. Var det umlag likt av bygg og havre — dei talde korni — då skulde dei så blanda korn — likt av bygg og havre saman.

*) komande.

Bergen 11. april 1950

A. Skåsheim

4277

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING